



MØTE I NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

REFERAT

Torsdag 16. november 2017 kl 10 - 13

Stad: Eid vidaregåande skule, Nordfjordeid

Frammøtte:

Jacob Andre Sandal	Jølster kommune, politisk medlem
Åse Leirgulen	Bremanger kommune, politisk medlem
Bjørn Henry Martiniussen	Bremanger kommune, adm kontakt
Lars Andreas Tomasgard	Hornindal kommune, politisk vara medlem
Andreas Rundereim	Selje kommune, politisk vara medlem
Stanislawa Voldsund	Eid kommune, adm kontakt
Odd Robert Solvåg	Vågsøy kommune, adm kontakt
Odd Rønningen	Stryn kommune, adm kontakt
Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Staffan Hjohlman	prosjektleder

Forfall:

Kirsti Ohrvik Olsen	Eid kommune, politisk medlem, vara også meldt forfall
Frode Briksdal	Stryn kommune, politisk medlem
Monica Kråkenes	Vågsøy kommune, politisk medlem, vara også meldt forfall
Arnar Kvernevik	Gloppen kommune, politisk medlem, vara også meldt forfall
Per Ove Fossheim	Gloppen kommune adm kontakt
Kristian Nave	Selje kommune, adm kontakt
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune adm kontakt
Solfrid Trå	Jølster kommune adm kontakt, meldt forfall
Hanne Marie Utvær	Fiskeridirektoratet, region Vest
Are Natland Bøe	Mattilsynet, avd Nordfjord
Stein W Johansen	Norges vassdrags- og energidirektorat
Janne Grønli	Statens vegvesen, Region Vest

Innkalling:

Det kom ingen merknader til innkallinga, som vart sendt med e-post 30.10.2017, med kopi til varamedlemar og stedfortredere. Saksliste med vedlegg vart sendt til dei innkalte med e-post 07.11.2017, med kopi til varamedlemar og stedfortredere.



Sak 3 Ny vassforskrift på høyring Drøfting av konsekvensar og eventuell uttale frå vassområdeutvalet

Saksutgreiing:

Klima - og miljødepartementet (KLD) og Olje - og energidepartementet (OED) har sendt forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova ut på høyring med høyringsfrist 15. januar 2018. Ny vassforskrift vil etter planen tre i kraft frå 1. juli 2018. Det er omfattande endringar på organisering som er føreslege, mellom anna:

- Vassforvaltningsplanen skal ikkje vedtakast som ein regional plan etter Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldlova vil erstatte Plan- og bygningslova som ein av tre lovheimlar for vassforskrifta
- Fylkeskommunen vil ikkje lenger ha rolla som vassregionmyndigheit
- Utvalte fylkesmenn får ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet i vassregionen, dei får status som *Regional vasskoordinator*
- Miljødirektoratet, i samråd med aktuelle direktorat, skal utarbeide og syte for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar og sende over ei tilråding til Klima- og miljødepartementet.
- Om vassregionutval og vassområdeutval står det følgjande: *Der det er hensiktsmessig kan regional vannkoordinator innanfor den enkelt e vannregionen opprette et vannregionutvalg og dele hele eller deler av vannregionen inn i vannområder.*

På møtet i vassområdeutvalet 10.11 vil det bli orientert om NIBR sine vurderingar om utfordringar med samhandling i norsk vassforvaltning.

Vi ønskjer mellom anna å leggje opp til ei drøfting av betydninga av vassregionutval og vassområdeutval som samhandlingsarenaer. Sogn og Fjordane vassregionutval vart oppretta i januar 2011, vassområdeutvala for Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn vart oppretta i 2011/2012. Vi legg opp til drøfting og utveksling av erfaringar frå arbeidet i vassregionutval og vassområdeutval for denne perioden. Alle kommunane i vassområdet er også representerte i vassregionutvalet.

Vi legg opp til drøfting av ulike problemstillingar, sjå under. Referat frå erfaringsutvekslinga og drøftingane, vil vere innspel til Sogn og Fjordane vassregionutval, der arbeidsutvalet vil drøfte temaet i møte 29. november. Referatet, eventuelt ei uttale kan om ønskjeleg sendast inn som eige høyringsinnspel til ny vassforskrift. I arbeidsutvalet er berre ein kommune frå kvart vassområde representert gjennom leiarane i vassområda, saman med statlege styresmaktar og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I Nordfjord vassområde er Jakob André Sandal frå Jølster kommune leiar og Åse Leirgulen frå Bremanger kommune er nestleiar.



Til drøfting:

- a. Betyding av vassregionutval og vassområdeutval som samhandlingsarena (mellom kommunar og mellom stat og kommune). Erfaringsutveksling og råd for eventuell vidare drift av desse
- b. Kva skal til for å få til heilskapleg forvaltninga av vassdraga, grunnvatnet, fjordane, kysten vår? Korleis bør vi organisere oss for å få det til?
- c. Er politisk forankring av arbeidet etter vassforskrifta (miljømål, tiltak) viktig på kommunalt nivå eller er ei politisk forankring ikkje viktig? Om ein ønskjer politisk forankring; når, kor, og korleis bør ein sikre dette? Korleis vert dette teke i vare på i framlegg til ny vassforskrift?
- d. Er det viktig at vassforskrifta er heimla i plan - og bygningslova , eller sikrast god vassforvaltning gjennom naturmangfaldlova? Kva betyr dette for kommunane når dei utarbeider kommunale planer etter plan - og bygningslova?

(Sak 3-2017: Det er ikkje laga framlegg til vedtak / uttale)

Sak 3-2017 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 16.11.2017

Innspel som kom i møtet ved drøftingane om forslaget til ny forskrift:

- Fylkesmannen var ikkje budd på endringane i vassforskrifta. Mykje er ikkje avklart, mellom anna økonomi. Det er i statsbudsjett føreslått kutt på 13 millionar i midlane til vassforvaltning. Det er såleis uvisst i kva grad Fylkesmannen makter å delta i finansieringa av vassregionutval og vassområdeutval, og om Fylkesmannen vil vidareføre desse utvala dersom endringane trer i kraft som føreslått frå 1. juli 2018. Prosessen med samanslåing av Fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane gjer situasjonen endå meir uavklart.
- I statsbudsjettet er det føreslått kutt på 9 millionar til Miljødirektoratet, til tross for dei omfattande ekstra oppgåvene som blir lagt på Miljødirektoratet i forslaget til endring av vassforskrifta.
- Fylkeskommunen fekk i 2017 ca 0,5 millionar til plan og prosess i samband med vassforskriftarbeid, og 1,6 millionar til drift av vassområda (inngår i spleiselaget med kommunane). Det har ikkje kome signal om at tilsvarande midlar vil bli overført til Fylkesmannen.
- Plan- og bygningslova er ein god lovheimel for vassforskrifta. Lova er godt innarbeidd i kommunal verksemd. Naturmangfaldlova er mindre kjent i kommunane.
- Plan- og bygningslova blir sett på som eit sterkare lovverk enn naturmangfaldlova.
- Arbeidet etter noverande vassforskrift verka i starten overveldande og fagleg komplisert. Men det har «gått seg til». Det vil vere uheldig å gjere store endringar no.
- Fylkeskommunen viste til at det ikkje er avgjort om Sogn og Fjordane vil halde fram som eigen vassregion eller bli slått saman med Hordaland.



- For at vassforvaltninga skal bli rasjonell, bør organiseringa vere mest muleg enkel. Det er utfordringar med kontinuitet i arbeidet på grunn av mangelfullt oppmøte og utskifting av medlemmar (kommune- og fylkestingsval m.m.). Kan vurdere å slå saman Sogn og Fjordane og Hordalane til ein vassregion, med to vassområde, eitt i kvart av dei noverande fylka.
- Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strider mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen. Det er sett ned eit ekspertutval som vil sjå på kva for oppgåver som er aktuelt å flytte frå staten til regionane. Ekspertutvalet skal levere si innstilling 1. februar 2018. Endringane i vassforskrifta og oppgåvefordelinga etter regionreforma ser ut til å følgje to uavhengige løp, som ikkje er sett i samanheng.
- Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget er utsett fordi vann-nett er stengt for redigering inntil ny versjon av vann-nett vert lag ut. Ferdigstilling av ny versjon er utsett fleire gonger og er no varsla til januar 2018.
- Vassområda har vore ei arena for samhandling, særleg mellom kommunane. Det har vore samarbeid om miljøovervaking og problemkartlegging og diskusjonar om tiltak innan landbruk og avløp.
- Vassregionen og vassområda har lagt til rette for kunnskapsoppbygging, mellom anna ved å arrangere seminar i tema som landbruk, avløp, vasskraft og biologisk påverknad frå fiskeoppdrett.
- Den politiske behandlinga av vassforvaltningsplan med tiltaksprogram har gjort lokalpolitikarane merksame på utfordringar og oppgåver med å ta i vare vassmiljøet.
- Det er ønskeleg med meir informasjon til kommunepolitikarane, gjerne ved orienteringar i formannskap eller kommunestyre.
- Samordning mellom kommunane er nødvendig for å få gjennomført tiltak, til dømes innan spreidde avløp. Det er vanskeleg for kommunane enkeltvis å prioritere dette.
- Det er store utfordringar med forelda private avløpsanlegg (spreidde avløp), som ikkje oppfyller reinsekrava. Kommunane pliktar å kartlegge, kontrollere og gi pålegg om oppretting.
- Rådmannsgruppa bør vurdere oppretting av interkommunalt samarbeid med gebyrfinansierte stillingar.

Nordfjord vassområde

Sak 3-2017 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 16.11.2017

VEDTAK, samrøystes:



Nordfjord vassområdeutval har følgjande høyringsvar til forslag om endring av vassforskrifta og naturmangfaldlova. Kopi av høyringsvaret vert sendt til kommunane i vassområdet og til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Merknad: Statens vegvesen ønskjer ikkje å delta i høyringsuttalen frå vassområdet, fordi Vegdirektoratet skal sende ein samla uttale frå Statens vegvesen.

Høyringsvar frå Nordfjord vassområdeutval:

- Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
- Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.
- Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.
- Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
- Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016-2017).
- Ein viktig grunn til forslaga om endring av vassforskrifta er at ein ønskjer å forenkla prosessen. Ein legg då til grunn at arbeidet framover vil omfatte «berre mindre justeringar» av forvaltningsplan og tiltaksprogram. Denne føresetnaden meiner vi er feil. I Nordfjord vassområde er kunnskapsinnhenting einaste tiltak for ein svært stor del av vassførekomstane i risiko. Det er eit omfattande arbeid som står att med å utgreie avbøtande tiltak for å nå miljømåla.



Sak 4-2017 Rekneskap 2016

Saksutgreiing:

Nordfjord vassområdeutval tok til vitande førebels rekneskap for 2016 i møte 3.10.2017 (sak 2-2017), med følgjande merknad:

Prosjektlear skal legge fram endeleg rekneskap på seinare møte i vassområdeutvalet. Den endelege rekneskapen skal vere revidert etter gjeldande reglar. Rekneskap 2017 vert å behandle i vassområdeutvalet mars-april 2018 saman med budsjett 2018.

Rekneskapen er no revidert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og prosjektlear har innhenta opplysningar frå Sogn og Fjordane revisjon om reglane for godkjenning av tilsvarende prosjektrekneskap. Rekneskapen til Nordfjord vassområde inngår som ein del av fylkeskommunen sin totale rekneskap, som er godkjent av Sogn og Fjordane revisjon. Det er ikkje spesielle krav til godkjenning av rekneskapen til vassområdet isolert, korkje i Prosjektplanen for 2015 – 2021, eller frå bidragsytarane til spleiselaget (jamfør vedtak i kommunane).

Rekneskap 2016 for Nordfjord vassområdeutval (VOU)

	2016 Rekneskap revidert 30.10.2017	2016 Rekneskap førebels (VOU 03.10.2017)	2016 Budsjett (VOU 22.04.2016)
UTGIFTER			
Prosjektleiing	361 562	361 055	370 000
Møter, reiser, kurs	58 985	66 129	100 000
Vassanalysar, overvaking	80 093	74 032	300 000
Biotoptiltak vassdrag	80 000	80 000	80 000
Sum utgifter	580 640	581 216	850 000
INNTEKTER			
Frå kommunar	-385 000	-385 000	-385 000
Frå fylkeskommune	-385 000	-310 000	-385 000
Frå stat til trua arter	-120 000	-120 000	
Sum inntekter	-890 000	-815 000	-770 000
RESULTAT			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	-309 360	-233 785	80 000
Saldo pr 01.01.	-1 049 232	-1 031 454	1 031 454
Saldo pr 31.12.	-1 358 592	-1 265 239	951 454

Sak 4-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner rekneskapen for 2016.



Sak 4-2017 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 16.11.2017

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner rekneskapen for 2016.

Sak 5-2017 Bruk av vassområdemidler (orienteringssak)

Prosjektleder orienterte om utgifter til overvaking og problemkartlegging, som er gjennomført fra oppstart i 2011 til og med 2017 (tabellen nedanfor).

Prosjektgruppa, dvs. dei administrative kontaktpersonane i kommunane og prosjektleder, har i oppgåve å setje i verk miljøovervaking innanfor vassområdeutvalet sitt budsjett (Vassområdeutvalet 22.04.2016, Sak 2-2016).

Prosjektgruppa vil vurdere framhald av overvaking i 2018, og vil kunne prioritere innsatsen etter behov og prinsipp om at utgift per kommune over tid skal stå i rimeleg forhold til midlane som kommunen bidrar med.

Utgifter til overvaking 2013 - 2017 per kommune, samanlikna med bidraga frå kommunane inn i spleiselaget. I tillegg har fylkeskommunen og Fylkesmannen bidrege med same beløp som kommunane, men dette er ikkje teke med i tabellen.

	Finansiering frå kommunar 2012-2017	Sum overvaking 2013-14	Kjemi 2016-17	Biologi 2017	Sum overvaking 2016-17	Sum overvaking 2013-17	% av bidrag frå kommunen
Bremanger	425 922	173 400	13 500	0	13 500	186 900	44 %
Eid	477 818	329 416	36 202	17 698	53 900	383 316	80 %
Gloppen og Jølster*	667 671	584 616	65 335	17 698	83 033	667 649	100 %
Hornindal	205 390	118 400	5 775	17 698	23 473	141 873	69 %
Selje	301 984	176 391	3 080	0	3 080	179 471	59 %
Stryn**	376 571	202 600	21 250	0	21 250	223 850	59 %
Vågsøy	528 737	281 241	5 680	17 698	23 378	304 619	58 %
SUM	2 984 092	1 866 065	150 822	70 792	221 614	2 087 679	70 %

*)Finansiering 2012-2017 inkl 109 000 ekstra frå Gloppen kommune 2014 til problemkartlegging.

***)Finansiering 2012-2017 inkl 40 000 ekstra frå Stryn kommune 2014 til problemkartlegging.

Sak 5-2017 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 16.11.2017

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.